

Utklipp fra:

VÅRT LAND

Pol. tendens: Uavhengig kr.

(Se baksiden!)

26 MRS 1960

28-01-040

Erling Kristvik:

Vårt Land 26. mars 1960

## Ideologi-omgrepet

**N**YLEG var det i Vårt Land tilsprang til eit ordskitte om ideologi-spørsmålet og den plass det bør ha i kristen tenking. Dessverre stogga det fort. At det var ille, bør ikkje vera tvil om, for det bør snart bli klårt at er det noko vår tid treng, så er det ein realistisk ideologi. Kvifor ikkje setja saka på spissen og seia: Nest etter den teologiske striden om den kristne truedkjenninga i tidleg mellomalder og i reformasjonsåra vil brytingane kring ein ny ideologi i den næraste framtid stå som livsavgjerande for vesterlands kultur.

Vi bør snarast mogeleg koma til klårleik over at det er ei livsak for oss alle at menneska vinn fram til meir semje om dei store linene i våre freistnader på å øygna vegar framover i det mørke notids-virvar av meiningar om alt mellom himmel og jord. Med det grenselause kaos i åndslivet når det gjeld synsmåter av økonomisk, politisk, sosial, kulturell og religiøs art, er vi fanga inn i ein blindebukkleik som berre kan enda i avgrunnen.

**S**OMME meiner at ordet ideologi ikkje er det rette som namn på tiltak av nyorienterande slag her. Det har vorte så «frynsut i kantane» av misbruk på mange måtar at det er vill-leiande, ja beint fram farleg å gje det heimstadsrett i logisk tenkning. Andre vil nok medgje at ordet i visse leier har gjort nyttig teneste, men ein har også orda teori og hypotese å gripa til. Og i alle fall bør

*Med tilknytning i den aktuelle debatten om ideologi, tar rektor Kristvik i dag omgrepet upp til fornya dryfting.*

ein hjelpa seg det foruten i vitskapeleg tankearbeid.

Omgrepet ideologi vart nyskapt for omlag halvtanna hundre år sidan. Det gav seg da ut for å gjelda tenking som vil kasta lys over eller gripa noko hovudsakeleg i serleg vide og omfattande problem i omfram djup og innfløkt samanheng. Og ein ting til: det gjaldt ikkje berre å gjera slik samanheng skjønneleg teoretisk; ein trudde samstundes å finna sikkepunkt for eit praktisk program, for løysing av fundamentale oppgaver på vedkomande felt, ja her skulle gjevast ein serleg appell nett i den leia. Slike ideologiar har spela ei ovleg viktig rolle i vår tids politiske, sosiale og moralske brytingar.

No er å merka at desse ideologiane har stor likskap med to andre arter av heilskaps-tenking.

**F**ØRST er å nemna teologien. Teologen tek vanleg sitt utgangspunkt i det han held for å vera guddomleg openbering. Og så tolkar og tyder han innhaldet i slik openbering og når fram til meir eller mindre meiningsfylte og samanhengande dogme- og læresystem som krev tru utan å gjera den vanlege menneskelege logikken til

øvste domar. Partivis kan teologen ta vitskapen i si teneste til å gripa det faktiske i religiøse tru og praksis gjennom tidene, men aldri til å døme om sanningsverdet i den guddomlege bodskapen i rein form t. d. når det gjeld sjølve gudsomgrepet.

Annleis med filosofien. Her er den menneskelege tanke og fornuft vegvisaren og autoriteten. Men filosofen godtek visse på førehand gjevne absolutte prinsipp, postulat, aksiom, logiske lover som han held for å vera sjølvinnlysande sanne. Og med dei til hjelp spekulerar han seg gjennom kunnskap som også kan vera henta frå vitskapen, fram til tankar om eller systematisert heilsyn på hovudområde eller jamvel totaliteten av tilværet, utan å gjera eksperiment eller på annan måte røynslar om eller vinna beinveges kjennskap til det røynlege. Ja, ofte ber det ut over alle grenser inn i det mytiske om metafysiske, berre slik at det er ingen Gud som talar. Den menneskelege fantasi tumlar gjerne vilt med problem om verdsaltet, menneskelagnaden og livsens mål og meining.

**T**YNGDEPUNKTET skifter her att og fram mellom religion og filosofi, med liten eller ingen plass for vitskap. Etter kvart har så denne meldt seg med vilje til å gå vegen beint mot ei verd som er tilgjengeleg for sansing og røynslar, for eksperiment og kontroll. Og dette kravet har fått jamt sterkare makt. Men med vitskapen fylgjer analyse og spesialisering, med sans

for detaljar og isolerte kjensgjerningar så vitskapsmannen til slutt ikkje ser skogen for berre tre.

I mellomrommet mellom filodet ordet meiner ein da det åndelege strevet med å byggja bru frå konkrete, faktiske kjensgjerningar som vitsaken dreg til veges, over til det ålmenne og abstrakte, til ein vidare syntese. Ei mengd med meiningar om økonomiske, politiske og kulturelle spørsmål gjev seg da også ut for å springa fram av reint vitskaplege fakta. Politiske heilskapstankar som t. d. dei marxistiske og nazistiske er det beste døme her. Men dei syner også korleis slik tenking fører vill, av di denne vitskapen går ærend for valdsmakter og løgn. Utfallet er gjeve på førehand, medan ein skylappriden og tvangsstyrd tanke vel ut og formar dei bygningssteinar som høver i systemet.

**M**EN jamvel om mange slike ulykkelige tiltak kan skremma oss, er det slett ikkje prov på at leitinga etter sanne og sakleg vel underbygde ideologiar alltid må mislykkast. Ein ideolog kan setja seg føre å sjå bort frå sine førehandsmeiningar, frigjera seg frå fordomar og ferdiglaga synsmåtar og vera open for beinveges oppleving og vitskapleg godkjende kjensgjerningar. Let han så alt dette liksom sjølv peike ut dei avgjerande faktorar og stemmeleier i skifteverknaden av og samspelet mellom årsaker og tendensar i den store verda, så kunne det henda at hans eigen tanke tok til å veva eit heilskapsmønster som ikkje gjorde vald mot det verkelege.

Ideologisk tenking vil slett ikkje henta alt sitt vyrke frå vitskapen. For det er all grunn til å rekna med andre realitetar og enn dei som ein grip gjennom vitskaplege metodar. Men

oppgava er likevel først og fremst å finna ut kva røyenleg meining og sanning dei ein-skilte kjensgjerningar får når ein ser dei i den rette samanheng. Og ideologen vil så kjenna seg viss på at i den solide bygnaden som reiser seg slik, vil den sanningskjære ånd som vandrar vegen mot religiøs tru og filosofisk visdom, også koma til orde.

Kanhenda er til i dag ikkje noko slikt mønster fullnøyande.

Men det kunne vera von om at stendig oppatt-teknene freistnader vil føra oss jamt nærare målet.

**E**FTER denne tankeføringa og etter det mest vanlege bruk av omgrepet ideologi i det heile, er det no t. d. lite råkande å tala om MRA-«ideologi». Mykje heller bør ein her nytta orda idelære eller moral-filosofi, eit system av etiske prinsipp. Med eit bilete ville det vera rett å kalla dei fire MRA-absolutta eit kompas, ein verdfull retnings-visar, grunnformer av ansvarsmedviten holdning til livet og livsoppgåvene. Men typiske ideologiar vil gje meir enn slike abstrakte siktelinjer: Dei byd ikkje berre kompas, men også kart, bilete av det landskapet menneska skal ferdast igjennom. Vanleg skjer det gjennom eit historisk perspektiv fram mot notidsverda. Nettopp historiesynet er så sermerkt for moderne ideologiar.

**M**ENNESKELEG livsføring kan ikkje fylgja snorrette liner i tid og rom. Kompasets peikar nok på endemålet, men sjølve vegen svingar gjerne til bae sider og att og fram etter dei konkrete omstende og serlege hindringar og etter plasering og val av hjelpemiddel for framsteget o. a. Det er dei uforliklege meiningar om alt dette som valdar meir strid enn synet på

målet og dei store livsideal. Om dei siste kan gode menneske, kristne og andre, gjerne semjast, men dette gjev ikkje alltid eins meiningar om heimevern, skattepolitikk, skoleskipnad, bondeprogram osv. osv.

Saman med propaganda for grunnleggjande og sams forpliktande samfunnsetikk må gå utforminga av ei ålmen og mest mogeleg konkret livsorientering, forankra i sentrale kjensgjerningar som vitskapen må hjelpa til med å leita fram. Det duger ikke å vera gudeleg og idealistisk når dette så ofte er å vera klokkingar på himmelen og dårar på jorda. Det er sjølsagt viktig å merka at heller ikkje vitenskapen åleine løyser oppgåva med sitt mektige forråd av kunnskap som aukar storleg frå tid til tid. Heller ikkje kan ein nøya seg med

teoriar om serlege problem, av grensa livsfelt, skilde fagområde osv. Vi er ikkje eingong tente med såkalla livssyn, sidan desse gjerne har meir emosjonelt enn intellektuelt grunnlag. Dei blir oftast forma av tradisjonelle faktorar eller av reint individuelle røynslar.

**B**ERRE ut frå eit samla syn på dei relle livsprosessar i evolusjonistisk perspektiv og i vid og djup analyse av det mangeslungne flettverk av faktorar i notidssituasjonen har vi von om å få noko å halda oss til. For tanken på vår ævelege lagnad har vi forsømt det som gjeld vårt medmenneskelege ansvar i dag.

Vitskapen er helt umissande her. Dessverre er vitskapsmennene ofte dei verste hindringar for løysinga av oppgåva, for vitskapen er etter sin «natur» helst analytisk og går

derfor i stor mon utanom det syntetiske oversynet. Feltspesialistar og fageksperter ser gjerne med mistillit og vanvyrndnad på ideologiske tilsprang, jamvel dei mest sakleg underbygde. Det har slike som Toynbee og andre tenkjarar av hans type fått røyna. Atom-sprengjarar, i bokstaveleg og overført tyding, har gjerne sterk medvind. Heilsynsarkitektar får helst den kalde snoen frå nord over seg.

Trist at ein heller ikkje i kristne krinser møter noko større kjensle av saknad når det gjeld hjelp til oversyn og skjøn på samanheng. Sjølve kristendomen er ikkje noko ideologi og kan heller ikkje vera det. Men ingen vaken, tenksam og ansvarsmedviten kristen burde vera uvitande om korleis blindskap og åndskaos i notida har si hovudårsak i skorten på ein samlande realistisk ideologi.